

Nei til ”Homo!” og ”Hore!” i ungdomsskulen

**Lærarrettleiing om førebygging og handtering av
kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting og
seksuell trakassering**

**Av Hilde Slåtten
Norman Anderssen
Ingrid Holsen**

HEMIL-SENTERET, UNIVERSITETET I BERGEN.
Senter for forskning om helsefremmende arbeid, miljø og livsstil

INNHOLD

INNHOLD	2
FØREORD	3
Kvifor førebyggje bruken av ”homo” og ”hore” som skjellsord	4
Kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting og seksuell trakassering	6
Kjønnsrelatert mobbing	6
Homofobisk erting	7
Seksuell trakassering	8
”Homo” som skjellsord	10
Kven homo-orda særskilt krenkar	11
Ungdom som bryt med forventa kjønnsroller	12
Ungdom som identifiserer seg som homofile eller lesbiske	12
Ungdom som identifiserer seg som heterofile	13
Ungdom som har foreldre/føresette som er homofile eller lesbiske	13
”Hore” som skjellsord	14
Kven hore-orda særskilt krenkar	15
Elevar som vert direkte råka av skjellsorda	15
Jenter eller gutar som gruppe	15
TILTAK FOR FØREBYGGING OG HANDTERING AV BRUKEN AV ”HOMO” OG ”HORE” SOM SKJELLSORD I UNGDOMSSKULEN	16
TILTAK PÅ SKULENIVÅ	17
1. Etablere nulltoleranse mot bruken av ”homo” og ”hore” som skjellsord, og inkludere dette i skulen sin handlingsplan mot mobbing	17
2. Byggje og nytte kompetanse blant lærarane i førebygging og handtering av bruken av ”homo” og ”hore” som skjellsord	19
TILTAK PÅ KLASSENIVÅ	20
1. Auke medvitet hos elevane om konsekvensane av bruken av ”homo” og ”hore” som skjellsord	20
2. Ta avstand frå og slå ned på bruken av ”homo” og ”hore” som skjellsord	22
REFERANSAR	25

FØREORD

Dette er ei lærarrettleiing for lærarar i ungdomsskulen om førebygging og handtering kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting, og seksuell trakassering. Prosjektet er finansiert og utforma på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Delar av rettleiinga er henta frå rapporten ”Førebygging og handtering av homofobisk erting i ungdomsskulen” av Slåtten, Anderssen og Holsen (2008).

Lærarrettleiinga har til hensikt å hjelpe norske skular til å innfri kravet frå Opplæringslova og Mobbemanifestet om å skape trygge læringsmiljø, og gripe inn når elevar vert utsette for bruk av krenkande ord. I det oppdaterte mobbemanifestet frå 2006, og i Manifest mot mobbing 2009 – 2010 vert det i tillegg presisert at homofobi skal takast alvorleg.

Lærarrettleiinga er primært forankra i Opplæringslova sitt krav om at personalet og leiinga har drøfta seg fram ei felles haldning, slik at dei reagerer likt ovanfor trakasserande språkbruk. Vidare er lærarrettleiinga forankra i læreplan for norskfaget for ungdomstrinnet der det heiter at elevane etter 10. årstrinn skal kunne drøfte korleis språkbruken kan virke diskriminerande og trakasserande.

Bergen, 31. august 2009

Hilde Slåtten

Norman Anderssen

Ingrid Holsen

Kvifor førebyggje bruken av "homo" og "hore" som skjellsord

Ifølgje Opplæringslova § 9a-3 skal skulen: *"aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhøyre. Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn"*. Skulane er med dette plikta til å etablere eit læringsmiljø der elevane kan kjenne seg trygge (Slåtten, Anderssen & Holsen, 2008).

Ifølgje Kunnskapsløftet for grunnskulen og vidaregående opplæring frå 2006 skal skulen og lærebodrifa *"Sikre at det fysiske og psyko-sosiale arbeids- og læringsmiljøet fremmer helse, trivsel og læring"* (Utdannings- og forskningsdepartementet, 2006). I likestillingslova § 8a heiter det vidare at *"trakassering på grunn av kjønn og seksuell trakassering er ikkje tillatt"*. Skulen bør difor vere ein stad der alle elevar er verna mot ordbruk frå medelevar knytt til kjønn, kjønnsuttrykk eller seksuell identitet.

Mobbemanifestet vart underskrive for første gong i 2002 av Regjeringa, Kommunenes Sentralforbund, Utdanningsforbundet og Foreldreutvalget for grunnskulen. Dette hadde som formål å oppnå nulltoleranse mot mobbing innan 2004. Skular som har implementert mobbeprogram som er designa for å redusere og førebyggje mobbing, har oppnådd reduksjon i førekomensten av mobbing. I 2005 vart mobbemanifestet signert for andre gong med mål om å fortsetje arbeidet med å førebyggje mobbing (Slåtten, et. al, 2008). I det nye manifestet vart det i tillegg presisert at homofobi skal takast alvorleg; *"Manifestpartane skal saman og gjennom innsats retta mot eigne målgrupper medverke aktivt til at barn og unge ikkje blir utsette for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, vald, rasisme, homofobi, diskriminering eller utesetning"* (Regjeringa, 2006)

I læreplanen for norskfaget heiter det vidare at elevane etter 10. årstrinn skal kunne drøfte korleis språkbruken kan virke diskriminerande og trakasserande (Utdanningsdirektoratet, 2008). Her er det naturleg å ta utgangspunkt i homonegative skjellsord slik som "homo", "homse", "lesbe", "soper", og skjellsord som handlar om kjønn slik som "hore", "bitch",

”fitte” og ”kuk”. I lærarrettleiinga kjem me til å referere til dei homonegative skjellsorda som ”homo” og dei kjønnsrelaterte skjellsorda som ”hore”.

Ord om homoseksualitet som blir brukt i ein negativ kontekst skapar, opprettheld og forsterkar negative haldningar til homofile og lesbiske. Ved å ikkje slå ned på homonegative skjellsord i skulen legg ein eit grunnlag for at negative haldningar til lesbiske og homofile får leve vidare blant barn og unge. Ord som ”homo” og liknande kan såleis vere med på å forsterke negative haldningar til homofile og lesbiske. Når lærarar ikkje grip inn når dei høyrer uttrykk som ”homo” bli brukt på negative måtar, bidrar dei til å legitimere elevane sine fordommar. Dette kan igjen legitimere andre og meir alvorlege former for trakassering av homofile og lesbiske. Når lesbiske og homofile elevar vert vitne til at lærarane ikkje konfronterer nedsetjande kommentarar med homo-ord, kan det i tillegg få dei til å tru at det ikkje vil vere noko støtte å hente hjå lærarane eller skuleleiinga dersom dei sjølv skulle bli trakasserte på grunn av deira seksuelle orientering (Slåtten, et. al, 2008).

Bruken av kjønnsrelaterte skjellsord kan òg vere med å skape, oppretthalde og forsterke negative haldningar til kvinner og jenter som gruppe eller gutter og menn som gruppe. Dette igjen kan legitimere andre og meir alvorlege former for trakassering på grunnlag av kjønn. Til dømes kan jenter som til stadig vert kalla for ”hore” kome til å internalisere at dette er noko som jenter må forhalde seg til, og at dei må tåle denne type krenking.

Bruken av homonegative og horerelaterte skjellsord som vert oversett av lærarane, signaliserer dessutan til dei som brukar desse skjellsorda at dei kan fortsetje med denne type åferd utan negative følgjer. Lærarar som derimot konsekvent grip inn i ertesituasjonar, viser at bruken av ”homo” og ”hore” som skjellsord er uakseptabelt og ikkje vil bli tolerert. Det er difor viktig at lærarane i ungdomsskulen eller endå tidlegare irtetteset ungdom som bruker ord som ”homo” og ”hore” som skjellsord, eller som nedrakking av kvarandre. Ved å ta tak i dette tidleg, kan lærarane spele ei viktig rolle i elevane si utvikling av haldningar og verdiar knytt til eit mangfold av identitetar (Slåtten, et. al, 2008).

Kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting og seksuell trakassering

Når me snakkar om førebygging og handtering av bruken av ”homo” og ”hore” som skjellsord, er det naturleg å ha felles fokus på tema som kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting og seksuell trakassering. Når elevar kallar ein medelev for ”homo”, ”homse”, ”lesbe”, ”hore”, ”bitch”, ”fitte” eller ”kuk”, kan ordbruken handle om kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting, seksuell trakassering, alle desse fenomena eller ein kombinasjon av dei. Det er ikkje viktig kva ordbruken klassifiserast som. Det som er viktig er at ordbruken handlar om ei åtferd som me ikkje ønskjer i ungdomsskulen og som me vil førebyggje og slå ned på.

Kjønnsrelatert mobbing

Kjønnsrelatert mobbing handlar om at ein gut eller ei jente gjenteke og over ei viss tid vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire personar der kjønn direkte eller indirekte er hovudelementet i mobbinga. Denne definisjonen av kjønnsrelatert mobbing er inspirert av Olweus sin definisjon av mobbing: ”*En person er mobbet eller plaget når han eller hun, gjentatte ganger og over en viss tid, blir utsatt for negative handlingar fra en eller flere andre personer*” (Olewus, 1994; s. 17). Både kjønnsrelatert mobbing og generell mobbing handlar om bevisst åtferd mot enkeltpersonar og kan innebere alt frå fysisk vald til gjentekne verbale angrep. Som oftast er det ein ubalanse i styrkeforholdet mellom dei som mobbar og dei som vert mobba.

Gutar og jenter som bryt med normer som handlar om korleis det er forventa at gutter og jenter skal oppføre seg er særskilt utsette for kjønnsrelatert mobbing. I Noreg vert det i dag forventa at gutter skal te seg etter tradisjonelle førestellingar om maskulinitet, og at jenter skal te seg etter tradisjonelle førestellingar om femininitet. Førestellingar om maskulinitet og femininitet er i stadig endring og kan vere ulike frå skule til skule. Medan det å kle seg i bukser som går langt ned på hoftene kan bli sett på som maskulint og det å kle seg i strame bukser kan bli sett på som feminint i ein skule, kan andre skular ha andre maskulinitets- og femininitetsideal. Det som er felles er at nokre typar åtferd vert sett på som maskuline eller feminine, og at det vert negativt sanksjonert mot elevar som ”bryt” med desse ideala. På grunn av utbreidde

stereotypiar om at homofile menn er meir feminine enn heterofile menn, vert gutar som utfordrar forventningar om maskulinitet ofte skulda for å vere homo eller utsette for homonegative skjellsord (Meyer, 2009). Når presset til å rette seg etter maskulinitetsidealet fører til at det hyppig og over tid vert sinksjonert mot ein særskilt gut som bryt med dette maskulinitetsidealet, kan åferda kategoriserast som kjønnsrelatert mobbing. Jenter som bryt med femininitetsidealet kan òg bli sinksjonerte mot, men dette skjer truleg i mindre grad enn sinksjonering mot gutar som bryt med maskulinitetsidealet. I denne lærarrettleinga kjem me til å fokusere på det verbale aspektet av kjønnsrelatert mobbing slik som bruken av "homo" ("homse", "lesbe", "soper") og "hore" ("bitch", "fitte", "kuk") som skjellsord.

Kjønnsrelatert mobbing som beskrive ovanfor vert i den generelle mobbelitteraturen som regel ikkje definert som mobbing eller teke opp som tema (Meyer, 2008). I antimobbeprogram som vert brukt i norske ungdomsskular har det til nå heller ikkje vore ein tradisjon å drøfte korleis elevane sine offentlege reguleringar av maskulinitet og feminitet kan bidra til å skape skadeleg åferd i ungdomsskulen. Det kan difor vere formålsteneleg å ta med kjønnsrelatert mobbing i antimobbeprogram slik som Olweus-programmet og Zero antimobbeprogram.

Homofobisk erting

Homofobisk erting handlar om at det direkte eller indirekte vert rakka ned på eller gjort narr av homofile eller lesbiske. Forteljing av homovitsar eller etterlikning av stemma og rørslene til ein stereotypisk feminin homofil mann eller liknande (Meyer, 2009) er dømer på indirekte former for homofobisk erting. Den mest vanlege forma for homofobisk erting er likevel bruken av ord som "homo", "homse", "lesbe", "soper" og liknande som skjellsord. Desse homonegative skjellsorda kan både vere retta mot personar som identifiserer seg som homofile og lesbiske, og personar som identifiserer seg som heterofile. Felles for denne ordbruken og annan type homofobisk erting er at maskulinitet og feminitet spelar ei like viktig rolle i desse prosessane som ved kjønnsrelatert mobbing (sjå avsnitta over).

Uttrykket "homofobisk erting" kjem frå termen "homofobi" som refererer til ein irrasjonell redsel, aversjon eller diskriminering mot homofile og lesbiske. "Fobi" mot homofile og

lesbiske kan utarte seg på mange måtar. Det kan innebere alt frå ignorering og utestegning til alvorleg vald eller truslar om vald. Medan bruken av homonegative skjellsord kan definerast som *kjønnsrelatert mobbing* når ein person *gjenteke* og *over ei viss tid* vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire, kan bruken av homonegative skjellsord kallast *homofobisk erting* når dei homonegative skjellsorda er mindre systematisk retta mot ein og same person over lengre tid.

Det finst truleg fleire grunnar til kvifor elevar utøver homofobisk erting. Ein grunn kan vere at elevane ønskjer å plassere seg sjølve som ”ikkje-homofile” på ein tydeleg måte for omverda. Ved å gjere narr av homofile eller lesbiske, kan ein elev vise at han eller ho tek avstand frå homofile og lesbiske og framstår sjølv i så måte som meir kontrastfylt tydeleg heterofil. Gutar brukar kan hende denne strategien i større grad enn jenter. Sidan stereotypiar om homofile menn gjerne framstiller homofile menn som meir feminine enn heterofile menn, vert homofobisk erting òg brukt til å vise at gutar tek avstand frå ”det feminine” ved å framstå som meir kontrastfult maskuline sjølv. Gutar som opplever at deira maskulinitet vert utfordra eller trua, brukar kan hende homofobisk erting som ein metode for å ”forsvare” maskuliniteten sin, eller for å vise at dei sjølve i alle fall ikkje er homofile (Meyer, 2009; Pascoe, 2007). Sidan maskuline eigenskapar ofte vert knytt til status og popularitet, kan gutar òg bruke homofobisk erting som ein måte å gjere seg sjølv meir populære på.

Seksuell trakassering

Seksuell trakassering handlar om ”*uønsket oppmerksamhet knyttet til kjønn, kropp eller seksualitet*” og kan dreie seg om alt frå tafsing og uønska seksuelle tilnærmingar til ryktespreiing, kommentarar om andre sin seksualitet og bruk av skjellsord som er relaterte til kjønn og seksualitet (Røthing & Svendsen, 2009). Likestillingslova definerer trakassering på grunn av kjønn som ”*uønsket adferd som er knyttet til en persons kjønn og som virker eller har til formål å krenke en annens verdighet*” og seksuell trakassering som ”*uønsket seksuell oppmerksamhet som er plagsom for den oppmerksomheten rammer*” (Lovadata, 2009).

Sjølv om det kan vere vilkårleg kven som rammast av seksuell trakassering, er kanskje ungdom som bryt med normer for seksuelle praksisar og kjønnsuttrykk meir utsette for *verbal*

seksuell trakassering, slik som å bli kalla ”homo” eller ”hore”, enn andre ungdom. Som med kjønnsrelatert mobbing og homofobisk erting, er utøving av maskulinitet og brot på normer for seksualåtferd truleg ein viktig forklaringsmekanisme for å forstå verbal seksuell trakassering. Det er den verbale seksuelle trakasseringa slik som bruken av ”homo” (”homse”, ”lesbe”, ”soper”), ”hore” (”bitch”, ”fitte”, ”kuk”) og liknande skjellsord me kjem til å fokusere på i denne lærarrettleiinga.

Ein måte å forstå seksuell trakassering på er at kvinner og menn tradisjonelt har blitt oppdregne til ulike roller, der kvenna meir tydeleg er blitt gjort til eit seksuelt objekt for mannen. Dette kan til dels bidra til å forklare kvifor uønska seksuell merksemd som vert utøvd av gutter mot jenter ofte vert bagatellisert og ikkje alltid fanga opp som seksuell trakassering i skulen (Røthing, 2000). Det er viktig å vite at både jenter og gutter kan bli utsette for seksuell trakassering.

"Homo" som skjellsord

Bruken av homonegative skjellsord slik som "homo", "homse", "lesbe", "soper" og liknande ord (i størsteparten av lærarrettleiinga vil desse orda berre bli referert til som "homo") ser ut til å vera utbredd i norske skulegårdar. Nett kor stort talet er på ungdomsskuleelevar som vert utsette for dette, ser ut til å kome an på korleis ordbruken vert definert. Då ungdom i ein landsrepresentativ studie med 3046 ungdomsskuleelevar vart spurta kor ofte dei har blitt *mobba* på skulen ved at dei har blitt kalla homse eller lesbe, svara berre eit mindretal at dei vart utsette for dette (Roland & Auestad, 2009). Når denne ordbruken derimot vert definert som *nedsettande merknadar* og ikkje mobbing er talet høgare. I ein studie med 1524 elevar ved 9 vidaregåande skular i Sør-Trøndelag svara heile 40% av gutane og 9% av jentene at dei hadde blitt utsette for å bli kalla "homo" og "homse" på skulen (Bendixen & Kennair, 2008).

Menneske som forelskar seg i personar av same kjønn brukar gjerne ulike ord om homoseksualitet eller biseksualitet for å kategorisere seg sjølve. Menn kallar seg gjerne "homofil", "bifil", "homo", "skeiv" og liknande, medan kvinner bruker ord som "homofil", "bifil", "lesbisk", "lesbe", "skeiv" og liknande. Desse orda er nøytrale ord når dei vert brukt til å referere til personar som identifiserer seg inn i desse kategoriane, men dei kan definerast som skjellsord når dei vert brukt til å rakke ned på ein person eller for å uttrykke noko som er teit, dumt, sprøtt, ukult eller negativt; "Den buksa er så homo", "Du er så homo". Nokre gonger er intensjonen bevisst å ramme nokon negativt, medan andre gonger vert ordet "homo" brukt som eit tilsynelatande harmlaust ord i spøkefull venskapleg erting. Barn og unge bruker ofte kallenamna som er tilgjengelege i det norske språk utan å reflektere over språkbruken, og dei yngste kjenner kanskje ikkje eingong forskjellen mellom "homo" og "hetero" sjølv om dei bruker ordet "homo" på ein nedsetjande måte. Når ein gut vert kalla "homo", er ofte intensjonen å seie at han ikkje følgjer norma for korleis det er forventa at ein gut "skal" oppføre seg (Slåtten, et. al, 2008). Med andre ord vert måten han ter eller kler seg på kanskje ikkje oppfatta å vere maskulin "nok". Ungdommar som har interesser eller behov som skil seg frå det me tradisjonelt knyt til maskulinitet og femininitet, vert difor gjerne hyppigare enn andre ungdommar utsette for kallenamnet "homo". Dei fleste norske gutter og jenter vert i dag lært opp til å "vere" ungdommar på litt forskjellige måtar avhengig om dei vart fødde som gut eller jente. Me kan gjerne sei at denne måten å vere ungdom på er nært knytt til kjønn (er "kjønna"), og at gutter og jenter lærer at det finst bra og dårlege måtar å vere

gut og jente på. Kjønnsidentitet vert difor tidleg ein viktig berebjelke for sjølvidentiteten til ungdommane, og i deira relasjonar til andre. Mange ungdommar, og kanskje i større grad gutter enn jenter, opplever det difor som ille om nokon tvilar på deira maskulinitet eller femininitet (Slåtten, et. al, 2008). Når ein gut vert kalla ”homo”, er det nettopp ofte maskuliniteten det vert sett spørsmålsteikn ved, og mange opplever det difor som krenkande. Å bli kalla for ”homo” kan av gutter oppfattast som at dei ikkje lever opp til maskulinitetsidealane eller at dei vert sett på som svake eller feminine. Desse prosessane er ikkje alltid bevisste, og nokre ungdommar bruker truleg homonegative skjellsord som ein måte å disciplinere kvarandre på i vennskaplege situasjonar.

Uavhenging av kva grunnar som ligg bak bruken av ord som ”homo” som kallenamn eller skjellsord, ligg det som oftast ei felles forståing for at det ertinga gjeld inneberer noko negativt eller noko som støytar. Til grunn for bruken av homo-ord ligg det ei felles kulturell forståing av at ”homo” handlar om noko negativt. Dette utgjer heile føresetnaden for at det kan handle om erting. Dersom homotemaet i vår kultur og vårt språk var likegyldig eller omringa av gode assosiasjonar, ville ertinga blitt tannlaus og fullstendig utan brodd, og dermed òg ueigna som ertetema. Me kan difor seie at ertinga der homotemaet inngår, byggjer på ei kulturell og allmenn låg rangering av homo-saker til skilnad frå hetero-saker. Stort sett vil det vere dei same mekanismane bak negativ namnesetting ved erting med homo-ord som med anna negativt lada erting (for eksempel med utgangspunkt i hudfarge) (Slåtten, et. al, 2008).

Kven homo-orda særskilt krenkar

Ungdom kan bli krenka av homo-ordet (”homo”, ”homse”, ”lesbe”, ”sopar”) både på direkte og indirekte måtar, og av ulike grunnar. Samtidig er det viktig å merke seg at for mange som vert eksponerte for erting med ord som ”homo”, er det fyrst på eit seinare tidspunkt at ordbruken vert opplevd som krenkande.

Ungdom som bryt med forventa kjønnsroller

På grunn av utbreidde stereotyper om at homofile menn er meir feminine enn heterofile menn, og at lesbiske kvinner er meir maskuline enn heterofile kvinner, vert personar som utfordrar forventningar om maskulinitet og femininitet ofte oppfatta som homofile eller lesbiske (Meyer, 2009). Ungdom som bryt med tradisjonelle kjønnsroller kan såleis bli kalla for ”homo”, ”homse”, ”lesbe” osv. Eit eksempel på dette er gutter som liker å kle seg i klede som tradisjonelt sett berre jenter går med slik som strame toppar eller skjørt. Vidare kan ungdom som har interesser som skil seg frå interessene til deira medelevar av same kjønn bli krenka dersom nokre *andre* skulle bli kalla for ”homo” når dei utøvar denne interessa. For eksempel vil kanskje ein gut som liker å danse ballett oppleve det som krenkande dersom han skulle overhøyre at ein medelev som driv med dans vert kalla for ”homo”. Bruken av ”homo” som skjellsord kan såleis vere med på å disciplinere ungdommane til å ikkje våge å bryte med forventa kjønnsroller.

Ungdom som identifiserer seg som homofile eller lesbiske

Bruken av ”homo” som skjellsord er ei form for trakassering av homofile og lesbiske som skil seg frå andre typar trakassering av homofile og lesbiske. Det særskilte med denne typen språkbruk er at den ikkje treng vera direkte retta mot homofile og lesbiske for at den skal bli oppfatta som trakasserande. Å høyre medelevar bruke ord som handlar om ein sjølve (det å vere homo) som skjellsord, kan for mange homofile og lesbiske opplevast som personleg krenkande (Slåtten, et. al, 2009).

Nokre gonger kan bruken av ”homo” vere morosam og slagferdig, og andre gonger kan det å sjølv bli kalla ”homo”, eller det å høyre andre bli kalla ”homo” ikkje kjennast vondt. Likevel kan ein seie at bruken av ”homo” som skjellsord kan ha därlege konsekvensar på sikt, fordi ein sit att med ei forsterking av ein negativ undertone og fråver av støtte. Derfor kan ein seie at bruken av homo-ordet er både direkte og indirekte krenkande. Når elevar som identifiserer seg som homofile eller lesbiske vert kalla for ”homo” på skulen, kan det skape ein negativ atmosfære i skuledagen deira og få dei til å kjenne seg utrygge. Studiar har vidare vist at homofil og lesbisk ungdom som vert utsette for homo-uttrykk som skjellsord har fleire depressive symptom og andre psykiske problem enn homofil og lesbisk ungdom som ikkje har vorte utsette for dette (Slåtten, et. al, 2008). Nyare norsk forsking viser òg at homofile,

lesbiske og bofile ungdommar mykje oftare vert utsette for mobbing enn heterofile ungdommar, og at både heterofile, homofile, lesbiske og bofile ungdommar som vert mobba med homo-uttrykk har meir angst og er meir deprimerte enn ungdommar som vert mobba utan homo-uttrykk (Roland & Auestad, 2009).

Blant vaksne homofile og lesbiske er det berre eit fåtal som kan fortelje at dei allereie i ungdomsskulealder identifiserte seg som homofile eller lesbiske. Eit endå mindre tal av desse var ”opne om” (dvs. fortalte det til andre) at dei såg på seg sjølve som homofile og lesbiske. Dette tyder at det truleg finst mange elevar som vil kome til å identifisere seg som homofile eller lesbiske, og at bruken av homo-ordet som skjellsord truleg råkar fleire elevar meir direkte enn det ein kanskje i utgangspunktet skulle tru.

Ungdom som identifiserer seg som heterofile

Bruken av homo-ordet kan òg negativt råke ungdom som identifiserer seg som heterofile, fordi det kan disiplinere kva type relasjonar to elevar av same kjønn kan ha. Dersom ein gut vert kalla for ”homo” av medelelevane, kan ordbruken kanskje bidra til at guten ikkje våger ta på kameratane (gje klem og liknande) på ein venskapleg måte, bortsett frå i heilt spesielle samanhengar slik som på fotballbalen. ”Homo” som skjellsord kan såleis vere med å disiplinere og avgrense nærleik i venskapen mellom to gutter (eller mellom to jenter). Vidare viser studiar med heterofile elevar at elevane opplever at det kjennest negativt å bli kalla ”homo” og at deira psykiske helse faktisk vert negativt råka av å bli kalla med homofobiske tilnamn (Slåtten, et. al, 2008).

Ungdom som har foreldre/føresette som er homofile eller lesbiske

Ungdom som har to mødre, to fedrar, andre føresette, søsken eller andre nære personar som er homofile eller lesbiske kjenner truleg godt til homoomgrepa og vil kanskje oppleve det som særskilt krenkande når ”homo” vert brukt som eit synonym på noko därleg.

"Hore" som skjellsord

Bruken av ord som "hore", "bitch", "fitte", "kuk" og liknande (i størsteparten av lærarrettleiinga vil desse orda berre bli referert til som "hore") som skjellsord ser òg ut til å vera utbreidd i norske skulegardar. Når ungdom i ein studie med 1524 elevar ved 9 vidaregåande skular i Sør-Trøndelag vart spurt om i kva grad dei har blitt utsett for nedsettande merknader som "hore", "bitch", "fitte", "kuk" og liknande svara 31% av jentene og 40% av gutane at dei hadde blitt utsette for dette på skulen (Bendixen & Kennair, 2008).

Mekanismane kring bruken av "hore" og liknande skjellsord er noko ulike avhengig av om det er jenter eller gutter som tek desse skjellsorda i bruk. Når jenter kallar andre jenter for "hore" handlar dette ofte om negativ sanksjonering mot brot på normer for korleis det er forventa at jenter skal uttrykke seksualiteten sin. Blant ungdom er det forventa at jenter skal te seg etter bestemte normer for seksualåtfred. Desse normene handlar ofte om at jentene ikkje skal vere promiskuøse og ikkje for "lett" eller for "mykje" seksuelt tilgjengelege.

Førestellingar om seksualåtfred er stadig i endring og kan vere ulike frå ei samfunnsgruppe til ein anna og variere mellom skular. Medan seksuell erfaring kan gje status på ein skule, kan jenter som tidleg debuterer seksuelt oppleve stigmatisering på ein annan skule. Det som er felles er at gitte typar seksualåtfred vert sett på som "rette", og at det vert sanksjonert mot jenter som bryt desse normene ved å kalle dei "hore" eller liknande. "Hore" vert gjerne særskilt brukt som skjellsord mot jenter som vert oppfatta som "for" seksuelt tilgjengelege i forhold til den etablerte seksualåtfersnorma. Når jenter kallar ei anna jente for "hore", treng det likevel ikkje i alle samanhengar handle om normbrytande seksualåtfred. Som med homo-uttrykket vert "hore" i fleire ungdomsmiljø òg truleg brukt som eit tilsynelatande harmlaust ord i spøkefull vennskapleg erting, eller det kan bli brukt som eit vondsinna skjellsord utan å vise til kjønn eller seksualitet. Det kan til dømes sjå ut som at jenter frå lågare sosiale klassar oppfattar og brukar ordet "hore" som ein vennskapleg interaksjon i større grad enn jenter frå høgare sosiale klassar (Helseth, 2007). Til grunn for at "hore" kan bli brukt som eit skjellsord ligg det ei felles kulturell forståing om at det å vere hore og prostituert er noko som vert sterkt sett ned på i samfunnet vårt.

Normbrytande seksualåtfred kan òg vere ein grunn til kvifor gutter brukar "hore" som skjellord mot jenter. Når ein gut kallar ei jente for "hore", kan det vere eit forsøk på å gjere

henne til eit seksuelt objekt som er tilgjengeleg for gutars ønskjer og behov. Fordi gutars seksuelle tilgjengeleghet kanskje ikkje i like stor grad vert sett på som noko negativt, vil kjønnsrelaterte skjellsord retta mot guitar slik som ”kuk” kan hende ikkje bli oppfatta som like krenkande som andre kjønnsrelaterte skjellsord retta mot jenter. Det er likevel viktig å vite at guitar òg kan bli like krenka av å bli kalla for kjønnsrelaterte skjellsord som jenter, både når det er andre guitar og når det er jenter som står for skjellsorda.

Kven hore-orda særskilt krenkar

Elevar som vert direkte råka av skjellsorda

Sjølv om intensjonen bak å kalle nokon for ”hore” (”bitch”, ”fitte”, ”kuk”) ikkje treng vere vondsinna, kan denne ordbruken vere med å svekke eleven si stilling i elevgruppa. Horestempelet kan til dømes få elevane til å tru at ei jente som vert kalla ”hore” er meir seksuelt tilgjengeleg enn ho ønskjer å vere eller at ho er ”billig” og difor ikkje fortener å bli respektert (Røthing & Svendsen, 2009). Bruken av ”hore” som skjellsord, kan òg vere med å avgrense ei jente sitt handlingsrom i forhold til eiga kjønns- og seksualåtferd. Jenter som vert kalla ”hore” for åtferd dei i utgangspunktet er komfortable med, kan likevel kome til å internalisere kritikken og endre på åtferda for å tilpasse seg norma, sjølv om dei må gje avkall på eigne interesser eller kjensler (Nikell & Sievers, 2000).

Jenter eller guitar som gruppe

Fordi bruken av ”hore” som skjellsord kan vere med å skape, oppretthalde og forsterke negative haldningar til jenter eller guitar, kan desse skjellsorda vere med å krenke jenter som gruppe eller guitar som gruppe. På skular der horestempelet er utbreidd blant jenter er det til dømes fare for at jenter, eller grupper av jenter vert sett på som kjønnsobjekt i staden for fullverdige medlemmar i elev- og venegrupper (Nikell & Sievers, 2000).

TILTAK FOR FØREBYGGING OG HANDTERING AV BRUKEN AV "HOMO" OG "HORE" SOM SKJELLSORD I UNGDOMSSKULEN

Dei fire tiltaka som vert presenterte i denne lærarressursen byggjer på tiltak om førebygging og handtering av homofobisk erting som allereie er utprøva ved tre ungdomsskular i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland (Slåtten, Anderssen & Fosse, 2007; Slåtten, Anderssen & Holsen, 2008), eit prosjekt som vart finansiert av Utdanningsdirektoratet og Barne- og likestillingsdepartementet. Nytt for noverande tiltak er at me i tillegg til å fokusere på bruken av "homo" ("homse", "lesbe") som skjellsord, òg tek for oss bruken av "hore" ("bitch", "fitte", "kuk") som skjellord. To av tiltaka me presenterer er på skulenivå og to av tiltaka er på elevnivå.

TILTAK PÅ SKULENIVÅ

1. Etablere nulltoleranse mot bruken av "homo" og "hore" som skjellsord, og inkludere dette i skulen sin handlingsplan mot mobbing
2. Byggje og nytte kompetanse blant lærarane i førebygging og handtering av bruken av "homo" og "hore" som skjellsord

TILTAK PÅ KLASSENIVÅ

1. Auke medvitet hos elevane om konsekvensane av bruken av "homo" og "hore" som skjellsord
2. Ta avstand frå og slå ned på bruken av "homo" og "hore" som skjellsord

TILTAK PÅ SKULENIVÅ

1. Etablere nulltoleranse mot bruken av "homo" og "hore" som skjellsord, og inkludere dette i skulen sin handlingsplan mot mobbing

Eit viktig tiltak for å førebyggje bruken av "homo" ("homse", "lesbe", "soper") og "hore" ("bitch", "fitte", "kuk") som skjellsord i ungdomsskulen, er å slå fast i overordna planar at skulen har innført nulltoleranse mot denne type åtferd. Godt eigna dokument å gjere dette i, er skulen sin handlingsplan mot mobbing (for skular som har ein slik handlingsplan) og skulen sine trivsels- og ordensreglar eller liknande dokument. Ein uttalt skulepolicy om at skulen ikkje tolererer at "homo" og "hore" vert brukt som skjellsord, vil kunne sikre konsistente reaksjonar frå lærarane samla sett. Den mest eintydige måten å gjere dette på i skulen sine planar, er ved å nytte uttrykket nulltoleranse. Det gir retning, og det er lett å formidle til lærarar, elevar og foreldre. Med ein etablert og uttala nulltoleranse mot bruken av "homo" og "hore" som skjellsord, vert lærarane forplikta til å slå ned på erting med denne type ordbruk kvar gong det skjer. For elevane sin del vert det såleis ikkje tilfeldig om erting med homo- og -hore uttrykk vert slått ned på og sanksjonert i deira skulemiljø eller ikkje. Det er viktig at handlingsplanen mot mobbing (eller liknande dokument) gjer det tydeleg at skulen ikkje tolererer at elevane bruker ord som "homo", "homse", "lesbe" eller liknande uttrykk til å rakke ned på ein person, og at det ikkje vert tolerert at desse uttrykka vert brukt til å beskrive noko som er negativt. På lik linje er det viktig at handlingsplanen gjer det tydeleg at "hore" ikkje vert tolerert som skjellsord. Ord som "homo" og "hore" bør behandlast på linje med rasistiske uttrykk.

Arbeidet med å inkludere nulltoleranse mot bruken av "homo" og "hore" som skjellsord krev at både skuleleiinga og lærarane tydeleg støttar ideen om at skulen ikkje skal tolerere at desse orda vert brukt som skjellsord, og at alle er involverte i dette arbeidet. Ei aktiv involvering frå skuleleiinga si side aukar sjansane for at nulltoleransen vert følgt opp og får gjennomslagskraft i praksis.

Elevane er sjølv sagt også viktige aktørar, og dersom skulen har tradisjon for å involvere elevråd i endringsprosessar ved skulen, bør dette skje her også. Ein fordel med å involvere elevrådet i

arbeidet med å førebyggje bruken av ”homo” og ”hore” som skjellsord, er at det kan fremja gehør blant elevane i å rette seg etter reglar dei sjølve har vore med på å bestemme.

Foreldra er like så viktige for elevane sine haldningarsom skulen. Ein måte å trekke inn foreldra på når det gjeld å samla slå ned på bruken av ”homo” og ”hore” som skjellsord, kan vere å ta opp dette temaet på foreldremøte. Både elevar, foreldre og skulepersonell kan med fordel bli informerte om at skulen skal jobbe for å førebyggje og handtere denne type åtferd.

2. Byggje og nytte kompetanse blant lærarane i førebygging og handtering av bruken av "homo" og "hore" som skjellsord

Ein måte å starte prosessen med å auke kompetansen om førebygging og handtering av bruken av "homo" ("homse", "lesbe") og "hore" ("bitch", "fitte", "kuk") som skjellsord kan vere at alle lærarane set seg inn i denne lærarrettleiinga, og vidare bruker delar av ein planleggingsdag eller fagdag til å sette temaet på agendaen. Her kan skulane stadfeste at dei går inn for ein nulltoleranse mot "homo" og "hore" som skjellsord og utarbeide strategiar for korleis skulen skal setje i verk nulltoleransen i praksis.

For at ein lærar skal kunne slå ned på homo- og horeuttrykka er det viktig at han eller ho gjenkjenner denne språkbruken når han vert ytra. Vidare bør ein lærar kunne kjenne til kven homo- og horeorda særskilt krenkar, kven som er særskilt utsette for denne type språkbruk og vite kvifor det er viktig å førebyggje bruken av "homo" og "hore" som skjellsord. Lærarane bør òg vere kjent med kva skulen sin handlingsplan mot mobbing eller liknande planar seier om bruken av "homo" og "hore" som skjellsord.

Boks 1. *Læringsmål om bruken av "homo" og "hore" som skjellsord*

Læringsmål om førebygging og handtering av bruken av "homo" og "hore" som skjellsord

- Kjenne att bruken av ord som "homo", "homse", "lesbe", "soper" og liknande uttrykk som vert brukt som skjellsord (sjå side 10 - 11)
- Kjenne att bruken av ord som "hore", "bitch", "fitte", "kuk" og liknande uttrykk som vert brukt som skjellsord (sjå side 14 - 15)
- Kunne slå ned på ord som "homo" og "hore". (sjå side 22 til 24)
- Kjenne til kven homo-ordet særskilt krenkar (sjå side 10 til 13)
- Kjenne til kven hore-ordet særskilt krenkar (sjå side 15)
- Vere i stand til å gje elevane ei forklaring på kvifor skulen ikkje tolererer at "homo" og "hore" vert brukt som skjellsord (sjå side 4 til 6)
- Kjenne til kva skulen sin handlingsplan mot mobbing (eller liknande plan) seier om bruken av "homo" og "hore" som skjellsord"

TILTAK PÅ KLASSENIVÅ

1. Auke medvitet hos elevane om konsekvensane av bruken av "homo" og "hore" som skjellsord

Somme elevar veit ikkje forskjellen på "homo" og "hetero" sjølv om dei bruker ordet "homo" ("homse", "lesbe", "soper") på ein nedsetjande måte, og andre veit kanskje ikkje kva dei kommuniserer når dei kallar nokon for "hore" ("bitch", "fitte", "kuk"). Vidare veit mange elevar ikkje at kallenamna dei nyttar byggjer på negative meininger om homoseksualitet, til dømes "sopar". Eit viktig skritt er å formidle til elevane at alle medelevar (både elevar som identifiserer seg som homofile, lesbiske og heterofile) kan bli såra over den homonegative språkbruken (sjå side 11 - 13) og at alle kan bli såra over å bli kalla "hore" (sjå side 15). Det kan difor vere ein god ide å undervise og samtale om desse tema. Det kan vidare vere formålsteneleg å ta opp grunnar til kvifor førebyggje og handtere bruken av "homo" og "hore" som skjellsord (sjå side 4 - 6) med elevane.

Skular som nyttar antimobbeprogram slik som Olweus-programmet eller Zero kan gjerne ta opp bruken av ord som "homo" og "hore" som skjellsord i deira generelle mobbearbeid. Klassar som har eigne klassereglar mot mobbing kan òg inkludere ein regel om at elevane ikkje skal bruke ord som "homo" og "hore" som skjellsord.

Ein måte for å auke medvitet om bruken av ord som "homo" og "hore" kan vere å nytte ein strukturert aktivitet (sjå boks 2) henta frå "Project 10", frå ein ungdomsskule i Los Angeles i California som har jobba systematisk med desse emna i over ti år (Project 10, 2007). Prosedyren er temmeleg bydande i form. Andre prosedyrar er sjølv sagt òg moglege.

Boks 2. *Døme på korleis lærarane kan ta opp bruken av "homo" og "hore" som skjellsord i klassen (henta frå Project 10, 2007).*

Mogleg prosedyre i klasserommet for å auke bevisstheita om bruken av "homo" og "hore" som skjellsord blant elevane

1. Lat elevane idemyldre alle typar skjellsord dei har hørt bli brukt
2. Skriv opp alle skjellsorda på tavla
3. Diskuter dei følgjande kategoriane: "kjønnsrelaterte skjellsord", "homonegative skjellsord", "raserelaterte skjellsord", "religiøst relaterte skjellsord", ("andre skjellsord")
4. Lag ein tabell med kvar kategori som overskrift for ei kolonne og kategoriser dei oppskrivne skjellsorda etter desse kategoriane
5. Drøft korleis skjellsorda inneheld fordommar og er med på å skape negative haldningar til enkeltindivid og grupper av menneske
6. Diskuter i kva grad det er greitt at desse skjellsorda vert aksepterte eller ikkje aksepterte på skulen

Ein annan aktivitet som kan auke bevisstheita om konsekvensane av bruken av "homo" og "hore", er skildra i boks 3. Opplegget er inspirert av ei elevøving henta frå ein britisk rapport om homofobi (Schools Out, 2007).

Boks 3. *Døme på korleis lærarane kan diskutere konsekvensar av ulike typar språkbruk (henta frå Schools Out (2007).*

Mogleg prosedyre for å diskutere konsekvensar av bruken av "homo" og "hore" som skjellsord

1. Lat elevane idemydre skjellsorda dei har hørt bli brukt. (Her kan lærarane ta utgangspunkt i kategoriane frå aktiviteten frå boks 2)
2. Disktur med elevane kvifor dei trur desse skjellsorda vert brukt for å rakke ned på ein annan person. Diskuter kva orda eigentleg betyr og korleis dei enkelte orda kan oppfattast som krenkande. Her kan lærarane ta opp temaet "negative haldningar til homofile og lesbiske" og forventingar om å leve opp til førestellingar om maskulinitet og femininitet
3. Diskuter korleis de trur dei ulike gruppene ville reagert på orda i kategorien "seksuell orientering":
 - a) Ein gut som identifiserer seg som homofil
 - b) Ei jente som identifiserer seg som lesbisk
 - c) Ein gut som vert sett på som "feminin" og som identifiserer seg som heterofil
 - d) Ei jente som vert sett på som "maskulin" og som identifiserer seg som heterofil
 - e) Ein elev som ikkje veit om han eller ho forelskar seg i gutter eller jenter
 - f) Ein elev som har to mødrar eller to fedrar
4. Diskuter korleis de trur dei ulike gruppene ville reagert på orda i kategorien "kjønn"
 - a) Ei jente som har hatt mange kjærastar
 - b) Ein gut som har hatt mange kjærastar
 - c) Ei jente som ikkje har hatt nokon kjærastar
 - d) Ein gut som ikkje har hatt nokon kjærastar

2. Ta avstand frå og slå ned på bruken av "homo" og "hore" som skjellsord

Som med all anna erting og mobbing, er det nødvendig at det kjem ein reaksjon frå ein vaksen når nokon brukar ord som "homo" ("homse", "lesbe", "soper") og "hore" ("bitch", "fitte", "kuk") som skjellsord. Lærarane må vidare gripe inn og avbryte når elevar bruker ord som "homo" på ein nedsetjande måte eller når elevane ytrar seg med horerelaterte kommentarar. Lærarane bør gjere dette på same måte som dei ville konfrontert elevar som kjem med rasistiske kommentarar eller andre ikkje-akseptable utsegner.

I møte med bruken av "homo" og "hore" som skjellsord vil me tilrå å følgje Olweus (1994) si rettleiing om å raskt og bestemt gripe inn i situasjonane der hendinga skjer, eller der det er mistanke om at ein person vert kalla for "hore" eller "homo" på ein negativ måte. Det beste er om læraren sørger for at elevane som er tilstade vert vitne til at læraren slår ned på ertinga. Slik vert elevane gjort merksame på at erting med homo- og hore-ord ikkje vil bli tolerert på skulen deira. Men nokre gonger vil det vere naudsynt å trekke elevane som ytrar seg til side for å snakke med han eller henne under fire auge. Elevane bør vidare få beskjed om kva type åtferd og språkbruk skulen reagerer på, kvifor slik språkbruk ikkje er akseptabel, og dei må bli fortalte at gjenteke åtferd vil føre til sanksjonar. I boks 4 er det sett opp døme for korleis lærarar kan handtera bruken av homo- og hore-ord som skjellsord. Døma er henta frå "Project 10; diversity matters" (Project 10, 2007), "Tackling homophobia, creating safer spaces" (Schools Out, 2007) og "A Teacher's guide to intervening in anti-gay harassment" (The Safe Schools Coalition, 2005).

Boks 4. *Døme på korleis ein kan ta avstand frå og slå ned på bruken av "homo" og "hore" som skjellsord.*

Kva gjer du som lærar når du hører at "homo" og "hore" vert brukt som skjellsord?

1. Stopp språkbruken

- Avbryt kommentaren eller språkbruken
 - "Stopp den ordbruken med ein gong!"
 - "Det ordet er IKKJE ok!"
 - "Ein slik kommentar kan vere sårande!"
 - "Det er ikkje greitt å kalle nokon for.....!"
 - "Den type språkbruk tolererast ikkje på denne skulen!".
- Sørg for at alle elevane i området hører kommentarane (frå læraren)
- Ikkje trekk eleven som ytrar seg til side for å snakke med han eller henne privat dersom det ikkje er heilt nødvendig

2. Identifiser språkbruken

- Set namn på trakasseringa
 - "Du veit at me ikkje tolererer nedsettande ord om seksuell orientering".
 - "Du trakasserte nett ved å bruke ord om seksuell orientering".
 - "Du trakasserte nett ved å bruke eit ord som seier noko veldig nedsettande om jenter".
 - "Du meinte kanskje ikkje å såre nokon, men det der var ei nedsetjande ytring... På ein respektlaus måte sa du at ho var homo".
 - "Det der er seksuell trakassering. Det er i mot skulen sine reglar."
 - "Veit du kva det ordet betyr? Det er eit nedsetjande ord for ein som er homofil eller lesbisk. Det er nett som å trakassere nokon med deira hudfarge eller religion."
 - "Veit du kva det ordet betyr? Det er eit nedsetjande ord som antyder at ho tilbyr seksuelle teneste for pengar. Det er ei grov anklage å kome med".

3. Utvid responsen

- Gjer responsen meir generell
 - "Me på denne skulen trakasserer ikkje".
 - "Me i vårt samfunn aksepterer ikkje slik nedsetjande språkbruk".
 - "Me har gjort det klart i handlingsplanen mot mobbing at me skal respektere kvarandre. Så å bruke eit språk som seier at det er noko gale med å vere homofil, er uakseptabelt"
 - "Denne språkbruken kan òg vere sårande for andre som hører den".
 - "Dei kommentarane bryt skulen sine reglar mot trakassering. Du veit at me ikkje tolererer det".
 - "Det der var slemt og kan klassifiserast som seksuell trakassering".

4. Vend blikket framover

- Be om forbeting i komande åtferd
 - "Ver snill, og ta deg ein pause og tenk deg om før du brukar dei orda som skjellsord"
 - "Det beste er om du kan bruke saklege argument når du blir irritert".
- Høyr med den som vart plaga på dette tidspunktet
 - "Hugs å gje meg beskjed om denne språkbruken held fram. Me kjem på ingen måte til å akseptere bruken av desse skjellsorda, og me kjem til å ta affære om det ikkje stoppar".

Når ein elev fortel om sjølvopplevd eller observert bruk av homo- og hore-ord som mobbing, erting eller seksuell trakassering, må læraren ta dette alvorleg, undersøkje nærmere og følgje opp. Sjølv om elevane skulle meine at ordbruken berre var erting og på spørk, bør lærarane vurdere om dei involverte elevane bør følgjast opp. I tråd med Opplæringslova må lærarane varsle skuleleiinga når krenkande ord eller handlingar vert observert. Dette bør særskilt gjelde bruken av homo- og hore-ord som gjentek seg over lengre tid. Skular som nyttar ein handlingsplan mot mobbing eller ein opptrappingsplan med omsyn til korleis dei skal handtere og sanksjonere mot dårlig åtferd, kan gjerne bruke desse verktøyene i møte med bruken av ”homo” og ”hore” som skjellsord. Dersom det ikkje nyttar å stoppe bruken av ”homo” og ”hore” som skjellsord i situasjonane der det oppstår, eller dersom skjellsorda gjentek seg, vil me anbefale at lærarane brukar same type opptrappingsplan som dei ville brukt med annan type mobbing.

REFERANSAR

- Bendixen, M., & Kennair, L. E. O. (2008). *Seksuell trakassering blant elever og ansatte i videregående skole: En resultatrapport*. Trondheim: Psykologisk institutt, NTNU.
- Helseth, H. (2007). *Kunnskapsstatus om kjønnsrelatert mobbing blant barn og unge*. Nesna: Høgskolen i Nesna.
- Lovdata. (2002). Lov om grunnskulen og den videregående opplæringa (opplæringslova); Det psykososiale miljøet, Henta fra http://www.lovdata.no/cgi-wift/wiftdles?doc=/usr/www/lovdata/all/tl-19980717-061-011.html&emne=psykososial*&&
- Lovdata. (2009). *Lov om likestilling mellom kjønnene*. Henta fra: <http://www.lovdata.no/all/nl-19780609-045.html>.
- Meyer, E. J. (2009). *Gender, bullying, and harassment. Strategies to end sexism and homophobia in schools*. New York: Teachers College.
- Nikell, E., & Sievers, L. (2000). *JämOs handbok mot könsmobbning i skolan*. Stockholm: JämO.
- Olweus, D. (1994). *Mobbing i skolen; hva vi vet og hva vi kan gjøre* (2 ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Pascoe, C. J. (2007). *Dude, you're a fag. Masculinity and sexuality in high school*. Berkeley: University of California press.
- Project 10. (2007, Juni 2007). Name-calling in the classroom. Henta fra <http://project10.org/index.html>
- Regjeringen (Ed.). (2006). *Manifest mot mobbing; tiltaksplan 2006- 2008*. Oslo: Regjeringen.
- Roland, E., & Auestad, G. (2009). *Seksuell orientering og mobbing*. Stavanger: Senter for atferdsforskning. Universitetet i Stavanger.
- Røthing, Å. (2000). *Nå - kjønn, heteroseksualitet, etiske dilemmaer*. Oslo: Unipub forlag.
- Røthing, Å., & Svendsen, S. H. B. (2009). *Seksualitet i skolen; perspektiver på undervisning*. Oslo: Cappelen akademiske forlag.
- Schools Out. (2007). *Tackling homophobia, creating safer spaces*: Schools out & Chrystalis. Henta fra: www.schoolsout.org.uk/teachingpack/Tackling%20Homophobia,%20Creating%20Safe%20Spaces.doc
- Slåtten, H., Anderssen, N., & Fosse, E. (2007). *Førebyggjing og handtering av homofobisk erting i ungdomsskulen; oversikt og forslag til tiltak*. Bergen: Avdeling for samfunnspyskologi, Universitetet i Bergen.
- Slåtten, H., Anderssen, N., & Holsen, I. (2008). *Førebygging og handtering av homofobisk erting i ungdomsskulen. Revidert rapport med utprøving og forslag til tiltak*. Bergen: HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen.
- The Safe Schools Coalition. (2005). *A Teacher's guide to intervening in anti-gay harassment*. Henta fra: <http://www.safeschoolscoalition.org/TeachersGuideIntervene.pdf>
- Utdannings- og forskningsdepartementet. (2006). *Kunnskapsløftet; læreplan for grunnskulen og videregående opplæring*: Utdanning- og forskningsdepartementet.
- Utdanningsdirektoratet. (2008). *Læreplan i norsk*. Henta fra: http://www.udir.no/upload/larerplaner/Fastsatte_lareplaner_for_Kunnskapsloeftet/Grunnskole_og_gjennomgaende/Lareplan_norsk_endret_240807.rtf.